

Frekhaug Bolig AS  
Mjåtveitflaten 55  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7443 - 23/12219

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
01.03.2023

## Innvilga saksomkostningskrav for vedtak om avslag på dispensasjon - gbnr 304/45 Leirvik

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 237/23**  
**Tiltak:** oppføring av bustad - dispensasjon  
**Byggjestad:** Gbnr: 304/45  
**Tiltakshavar:** Amalie Hagen Skauge  
**Ansvarleg søker:** Advokatfirmaet Kyrre Ans  
**Saksnummer:** 21/7443

### Vedtak

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 18 468,75 inklusiv meirverdiavgift, jf. forvaltningslova § 36 første ledd.

Saka er handsama administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova §23 nr.4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Saka gjeld

Vi viser til krav om dekning av saksomkostningar mottatt 04.05.2021 frå advokat Tore Johan Erstad, v/ advokatfirma Kyrre.

Samla krav utgjer kr. 18 468,75 inklusiv meirverdiavgift. Saksomkostningskravet gjeld dekning for 7,45 timer. Kravet gjeld dekning av kostnadar i høve klage på administrativt vedtak datert 15.12.2021. Areal, plan og miljø endra vedtaket i møte 20.04.2022, saknr 056/22 der klagen vart tatt til følge.

Administrativt vedtak av 15.12.2021 har følgjande ordlyd:

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå regulert byggegrønse og utnyttingsgrad/BYA for oppføring av einebustad med garasje, murar og basseng utanhus.**

### **Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

Politisk vedtak frå APM datert 20.04.2022 har følgjande ordlyd:

#### **APM- 056/22 Vedtak:**

Klagen vert teke til følge og vedtak i sak 21/7443 med saknr. 21/84102, datert 15.12.2021 vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå regulert byggegrønse og utnyttingsgrad/BYA for oppføring av einebustad med garasje, murar og basseng utanhus.

### **Grunngjeving**

Fvl § 36 første ledd lyder som følgjer:

*Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.*

Vilkåret om å endre eit vedtak til gunst for ein part er meint å dekkje alle tilfelle der vedtaket går frå eit negativt vedtak til eit nytt positivt vedtak. I vår sak er det delegerte vedtaket av 15.12.2021, endra med det politiske vedtaket frå APM i møte av 20.04.2022. Klaga vart tatt til følge, og vedtak gjort om.

Vidare er det eit vilkår at det kun er «vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret [kommunens] vedtak» som kan krevjast dekka. Hovudregelen er at ein part skal få dekka vesentlege og naudsynte kostnadane som knyt seg til endringa av vedtaket.

Vilkåret om at kostnadane skal vere vesentlege er meint til å lukke ute småutgifter og parten sitt eige arbeid med saka. Utgifter til advokat og anna juridisk bistand vil vere omfatta av vesentlegkravet. I vår sak er utgiftene til advokat sett på som vesentlege.

Vilkåret om at kostnadane må ha vore «nødvendige for å få endret vedtaket» gjeld for kostnadane som var naudsynt for endringa. Dette inneber ei vurdering av kva utgifter som var naudsynt for endringa. Det vert her lagt vekt på til dømes saka si vanskelegheitsgrad, sin karakter og kompleksitet, samt faktiske forhold.

Vidare er nødvendigheitsvurderinga forstått slik at det skal vere ein viss årsakssamanhang mellom utgiftene og det forhold at vedtaket vert endra. Det er ikkje krav til ein objektivt konstaterbar årsakssamanhang mellom utgifter og resultat. Utgangspunktet for vurderinga er parten og partsrepresentanten si subjektive oppfatning i det konkrete tilfellet av kva som med rimelegheit kan ha blitt oppfatta som naudsynte tiltak og utgifter for å få endra vedtaket.

Det er likevel ikkje slik at klagar åleine kan avgjere kva som kan krevjast dekka. Det er berre utgifter til tiltak som parten med rimelegheit kunne sjå som føremålstenleg som vert dekka, og det bør tilleggjast vekt om det var forståeleg at utgiftene var pådratt, jf. Ot.prp.nr.3 (1976-1977) og SOM-202-252.

## Vurdering

I vår sak er det gjeve administrativt avslag datert 15.12.2021. Det vart klaga på sak, og det er oppgjeve at denne prosessen er gjort med hjelp av advokat Tore Johan Erstad v/Advokatfirmaet Kyrre. Saka vart handsama politisk og endra med vedtak i APM datert 20.04.2022 til gunst for parten.

Det er vist til følgjande saksomkostningskrav i sak 21/7443 – gbnr.304/45 Leirvik:

### **Belastningsrapport**

ADVOKATFIRMAET KYRRE ANS

Sak: 10249, Bistand ved søknad om dispensasjon for oppføring av enebolig - GBNR 304/45 i Alver kommune

Klient: 22015, Frekhaug Bolig AS

Dato	Type	Utf.av	Kode	Tekst	Tid	Antall	Sats	Honorar
171221	T	TJE	26	gjg. avslag, epost til Helge/Eivind, konf. Eivind om sak, laget notat om fremdrift/aksjon	0:15		2200	550
201221	T	TJE	26	tlf. saksbehandler, epost til Eivind/Knut om klagemuligheter	0:15	0	0	0
281221	T	TJE	26	arb. med kort fristavbrytende klage, epost til Eivind/Knut	0:30		2200	1100
030122	T	TJE	26	bearbeidet fristavbrytende klage, innsendelse til kommunen, orientering til klient	0:15		2100	525
130122	T	TJE	26	epost til kommunen for å avklare ny saksbehandler, klagefrist og befaring	0:15		2100	525
140122	T	TJE	26	epostkor. med saksbehandler ang klage	0:15		2100	525
170122	T	TJE	26	Epostkor. med saksbeh. ang klage	0:15		2100	525
180122	T	TJE	26	påbegynt arb. med tilleggsmerknader til klage + framlegg til alternativt vedtak til APM	0:45		2100	1575
180122	T	TJE	26	Tlf.utbygger v/Eivind vedr. klage	0:15		2100	525
250122	T	TJE	26	tlf. Helge, notater til tilleggsmerknader til klage, arb. med tilleggsmerknader, epost til utbygger/tiltakshaver for innspill	1:45		2100	3675
260122	T	TJE	26	arb. med tilleggsmerknader til klage etter innspill fra tiltakshaver/utbygger	0:45		2100	1575
150222	T	TJE	26	tlf. Eivind ang behandlingsfrister mv.	0:15		2100	525
230222	T	TJE	24	epostkor. med Eivind og kommune, purring på sak	0:15		2100	525
170322	T	TJE	26	tlf. Eivind om fremdrift i klagebeh.	0:15	0	0	0
180322	T	TJE	26	kort epostkor. med kommune og klient om forventet saksbehandlingstid	0:15		2100	525
210322	T	TJE	26	Gjg. epost fra saksbehandler vedr. befaring	0:15	0	0	0
220322	T	TJE	26	gjg. epost fra saksbeh. vedr. befaring	0:15	0	0	0
170422	T	TJE	26	gjg. orienteringsbrev fra kommunen	0:15	0	0	0
260422	T	TJE	26	Gjg. vedtak i klage, orientering til klient	0:15		2100	525
040522	T	TJE	26	krav om sakskostnader, brev til kommunen	0:45		2100	1575
<b>Sum totalt alle</b>					<b>07:45</b>		<b>14 775,00</b>	
<b>+mva</b>							<b>3 693,75</b>	
<b>Totalt å betale</b>							<b>18 468,75</b>	

Timeliste viser at det er nytta 7,45 timer i advokatarbeid/juridisk bistand i samband med klage.

Ut frå ei konkret heilskapsvurdering av saka sin vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet, vurderer Alver kommune at det arbeid som har vore naudsynt for å få endra vedtaket er 7,45 timer, jf. fvl. §36. Dette er utgifter som parten med rimelegheit kunne sjå som føremålstenleg, som vert dekka, ettersom det er forståeleg at utgiftene vart pådratt.

## Konklusjon

Saksomkostningskravet innvilgast med kr.18 468,75 inklusiv mva., jf. fvl. §36 første ledd.

Saksomkostningskravet er etter dette innfridd. Beløpet vert overført til Frekhaug bolig AS, kontonummer 3330 28 63704. Innbetaling merkast med «Saksomkostninger, klage, Beitingen».

Vi beklager lang sakshandsamingstid.

### **Utbetaling saksomkostningar**

Vi ser ikkje at mottakar har fått frådragsrett frå mva. Beløpet utbetalast difor med mva.

### **Aktuelt regelverk**

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påkalla. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

### **Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Kyrre Ans Postboks 1826 Nordnes 5816 BERGEN

**Mottakarar:**

Frekhaug Bolig AS Mjåtvæitflaten 55 5918 FREKHAUG